

# Billettar til sals

www.surnadal-kulturhus.no

tlf: 716 57 100

Vårsøgskranken,  
i kulturhuset har  
opningstider:

Fredag 25. mai, kl. 14-20

Laurdag 26. mai, kl. 10-17

Søndag 27. mai, kl. 12-15



## Skyss til Kleivakvelden

Publikum som ikkje kjem seg opp på anna vis ber vi  
melder seg på skyssordninga til Hjørdis på tlf: 93407604

/varsoghelga



Vi er med og gjer dette muleg!



Layout: Berit G. Johansen / beritgio@gmail.com



# 2018

25. - 27. mai

©akfurunes



X. trolleheim  
TIC.

POWER BUUNPRIIS

COMFORT Ledillard Foto AS

SURNADAL CAMPING

Tilus & Trøye AS  
Sæterha

God Vårsøgshelg!  
SVinvikas arboret – der Vårsøgset vil vere på det aller sterkeste! Es fremsste og mest spennande kammerensemble, Engesårdkvartetten, er til slutt: alle må prøve å få med seg ein klassisk konsern med eit av Norgemyke spennande og godt frå lokale utstillerar, og sjølvast gjest og bakkeslasko for både kunstymenrar og lekmen. Vårsøgsetorgget byr som alltid på utstiller. Ho er vikt kjend for å lage bilte ved retrorenings teknikk og skal vera representantane av Kallastra. Kunstmåren Anne-Karin Furunes er årets Vårsøgspresidenta, ungdommen på Henningsitime og for dei som er interesserte i filosof har ei et spennande program om fredslisosferen Baral! saman med Jacobsen, ungdommen på Henningsitime og for dei som er interesserte til konsern med Hulbækmo og Stangvik kyrkle med sin varke tonar frå Blå Koral og andre verk, medan på Floststrand skape liv på Gamlestadsmuseet.  
Vi må ikke gløyme at dei små er inviterte til konsern med Hans Hyldbakkene, som er førande for programmet under Vårsøgshelga, er sterkt inspirert av «Kongen» Hans Hyldbakk. Odra, musikken, humorën i alverdet, konstnarkane, som er førande for programmet under Vårsøgshelga, er sterkt festivalkiale.

Ena mer lokalt pregg blir det på Fredagskvelden på Summardal bialag.

Enda mer i midt-norsk populærmusikk.

Vi kjenner oss att i musikken og teksten heittar, og ho har vore ei viktig

veldig glad for å kunne presentere ida Jensehus som hovudartist på Kleivat-

det mellankiske, romsligheten av folklegheit, alt det har vi med. Difor er vi

inspirert av «Kongen» Hans Hyldbakk. Odra, musikken, humorën i alverdet,

Konstnarkane, som er førande for programmet under Vårsøgshelga, er sterkt

festivalkiale, men vi kan male oss med dei vakkra – med nordmørnsituren som

festival, men med hårdbakra av oss gasshuda. Vi er ikkje Norges største

festivals, men vi er ikkje populært saman med Henning og John Pal,

Kleivat-publikumme synig Vårsøg saman med Hulbækmo og Hennings

Hennings Sømmerro. Vårsøg har vore kara til Norges vakkraste vase, og når

nasjonale og internasjonale marksem, ikkje minst igjenom melodiene til

Vårsøg, diktet Hans Hyldbakk skreiv fredsvaren 1945, har oppnådd lokal

120-årsdagsmarkeringa av kleivakongen (populært kalla på folkmunne)

Denne våren har vi igjen votre påminna Vårsøgsmøret, gjenom

god underhaldning fra scenen på Hjelmena! Kveldsosla medan ein far

A site på Kleivatnæt og skue bort på Hjelmena! Kveldsosla medan ein far

og spesielle med Vårsøgshelga.

Velkommen til nok ei verry, vakkerr og variert Vårsøgshelg, den 24de i rekkja!

Vårsøgshelga 2018



Midt-Norsk Olje AS



KM mi pri

TELLERSBØ Karrosseri AS

FONIKS

AS ELEKTRO

Fagmøbler



## Fredag 25. mai

### "I gamle hatter bor det mye latter"

12.00 Speilsalen, Nordmøre folkehøgskule, Skei. Barnekonsert med Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen. Vi har invitert barnehagane spesielt men så langt det er plass, er alle velkomne. Fri inngong.

### Henningtimen for 8. og 9. trinn

13.00 Storstuå, Surnadal kulturhus. Henning Sommerro inviterar ungdomsskule-elevar til ein annleis musikktime. Vi har invitert ungdomsskulen 8. og 9. trinn, men så langt det er plass, er alle velkomne. Fri inngong.

### Drivadebatt

16.00 Svorkasalen i Surnadal kulturhus. Årets Drivadebatt skal handle om nettvert med eit spesielt fokus på deling av nakenbilder. Debatten arrangeres i samarbeid med Norske Kvinners Sanitetsforening. Mia Landsem, kjent som «nakebildjegeren», kjem for å fortelje om sine erfaringar med å avsløre dei som deler bilder ulovleg. I panelet sit også Per Atle Stenberg frå politiet, helsestøster Heidi Elnes Fiske i Surnadal og skulelev Benjamin Skålvik Rønning. Fri inngong

### Opning Vårsøghelga og utstilling med Vårsøgkunstnar Anne-Karin Furunes.

18.00 Foajeen og Finstuå, Surnadal kulturhus. Kunstarisk innslag med tubavirtuos Øystein Baadsvik Kaffe og kake.

### Seminar med Baadsvik og Surnadal hornmusikk del 1

18.45-20.45 Toneheim. Ikkje for publikum. Vi får høre resultatet av samarbeidet på Kleivakvelden.

### Vårloysing

21.00 Surnadal Billag, Suradalsøra. Vårsøghelgas Billagskonsert blir ei vårloysing på det vakkreste og villaste! Ikkje berre har FAMNTAK reunion, men kulturskulens 20-årsjubileum skal feirast med tidlegare elevar som no er godt etablert i norsk musikk- og kunstliv.

Famntak gjorde stor suksess med å sette tonar til tekstar av Hans Hyldbakk og Jørgen Gravvold m.fl. for ei tid sidan og vi gler oss til gjenhør med Trygve Brøske, Jostein Ansnes, Anders Larsen og Tone Søyseth Døving. Alle kvar for seg eminente utøvarar med eigne musikkarrierar.

For å markere kulturskulens 20-årsjubileum har vi med oss låtskrivarane Jo Sverre Sande, Øyvind Hassel Weiseth og Hans Olav Settem, som òg kvar på sitt vis gjer seg bemerkja i musikkivet i dag. Olav Nergård Tørset, Sondre Skogseth, Brage Kristian Einum og Jørjan Normann i bandet er godt etablerte musikarar som på ingen

måte skjemmer laget. Og ikkje nok med det; Skodespelar Silje Botten og Performancekunstnar Sigrid Fivelstad hengande frå taket får vi og oppleva på konserten. Dørene opnar kl. 20 Snacks og drikke å få kjøpt. Kranene stengar kl. 1.30, men vi held ope til kl. 2.00

## Laurdag 26. mai

### Vårsøgtorg

10.00-16.00 Gammeldags torg med lokal mat og handverk

### Seminar med Baadsvik og Surnadal hornmusikk del 2

12.00-14.00 Toneheim. Ikkje for publikum.

### Fredsfilosofi i Kallas hus

13.00 Swami Sri Ananda Acharya (Baral), født 29. desember 1881 i Bengal, Britisk India, var en indisk filosofiprofessor, yogi og poet. Han kom til Norge i 1914, og bodde i Alvdal til sin død, fredsdagen 8. mai 1945. Sri Anandas hovudbudskap var vektlegginga på den indre, åndelege veg for å skape harmoni og fred. Om programmet: Bjørn Pettersen fortel kort om Barals filosofi. Song og musikkinnslag basert på Barals tekster med Komponisten Atmasukha Ananda og songaren Knut Stiklestad. Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen i samspel med søskena Rohini Sahajpal og Rai Shankar Sahajpal. Indisk «fredsdessert» og kaffe/te på billetten.

### Boksøg

15.00 Biblioteket, Surnadal Kulturhus. Ove Røsbak er ein strålande forfattar og ein fantastisk forteljar, med minneverdig innsats på mange scener under Vårsøghelga. No får publikum sjansen til å bli nærmare kjent med forfattarskapen hans. Han stiller på Boksøg, og tar oss med på ei spennande vandring gjennom dikt, noveller, romanar, barnebøker, biografiar - med meir! Samtalepartner er Svein Sæter.

### Kleivakveld

18.00 Kleiva, Skei. Kleivakvelden er kjend for si gode, intime stemning og panoramaet til breibygda og fjella Hjelmane. Her sat bygdadiktaren og Kleivakongen Hans Hyldbakk og skua ned på bygda og fekk inspirasjon av livet nede i bygda og ikkje minst utsikta. Henning Sommerro og John Pål Inderberg er som vanleg musikalske konferansierar med glimt i auget. I år har dei med seg Ida Jenshus, singer/songwriter med spelemanspris tross sine unge år. Perikom trio med Karstein Mauset i spissen, forfattar Ove Røsbak og Øystein Baadsvik i samspel med Surnadal hornmusikk, spiller nye dikt av grunnskuleelevarane våre og Kleivaprisutdeling av sjølvaste politimestaren i Møre og Romsdal, Ingar Bøen.

### Musiquiz

20.30 Gammelsamvirkelaget, Skei

Trerunders uhøgtideleg og artig musikkquiz med flotte premiar i samarbeid med Surnadal konseptutvikling (SKUV). Etablerte og nye lag er velkomne til å melde seg på. Påmelding gir fri inngong til Pianobar med Brage og Lisa etter Quisen. Påmelding til SKUV

### Pianopub med Brage og Lisa

22.00 Gammelsamvirkelaget, Skei. Med Lisa Botterli Flostrand, song og Brage Kristian Einum, piano, inviterar vi vårsøgpublikummet til pianobar for å synga med, synga åleine med pianoakkompagnement eller rett og slett berre vera sosial. Snacks og drikke å få kjøpt. Kranene stengar kl. 1.30, men vi held ope til kl. 2.00

## Søndag 27. mai

### Blå Koral

15.00 Stangvik kyrkje, Stangvik. Iver Kleive og Knut Reiersrud. Med utgangspunkt i norske folketonar og salmar har Kleive og Reiersrud lagt ein ny dimensjon til tradisjonell kyrkjemusikk. Opplev musikken frå den kritikarrosa trilogien; Blå koral (91), Himmelskip (96) og Nåde over nåde (06). Lat deg begeistra av mangfaldet, særpreget og det vakre i melodiane. Nyt kontrastane mellom det lågmælt nære og det valdsame sterke, framførd i spennande samspel mellom to av Norges framste musikarar. Duoen har appell i fleire musikalske sjangrar. Opphøya orgelspel og jordnære gitarrar. Fordomsfrie tolkningar av salmar og religiøse folketonar. "En sammenhengende musikalsk triumf" (Puls), "Fortjener de helt store lovordene" (Dagbladet), "Oser av kvalitet" (Adresseavisen). Spellemannsprisen 1991.

### Sevja stig i Svinvik

18.00 Svinvik arboret. Hagekonsert med Engegårdkvartetten som framfører verk av Olli Mustonen og Edvard Grieg. Engegårdkvartetten Kammermusikk-ensemplet er eit av dei mest ettertrakta i Norge. Kvartetten er kjent for sine mange modige og friske tolkningar av det klassiske repertoaret. Samtidig legg dei vekt på å markere sitt skandinaviske opphav. Kvartetten har hausta internasjonal anerkjenning, og dei har vore med på å skapa gode og tette band med fleire ledande internasjonale utøvarar. Ambisjonen blir gjenspeglia i svært varierte og rikhaldige konsertprogram. Med seg på konserten har dei 5.- klassingane våre med «Give me 5- prosjektet» i lag med Anne Kleivset og Henning Sommerro. Synnøve Hammervold med fiolinelevar frå både Kulturskulen på indre Nordmøre og Sunndal kulturskule spelar slottar akkompagnert av Trond Larsen og Erik Moen. Kafèen i Svinvika er open.